



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Pb 5091

0301 OSLO

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK ARKIVKODE: 2016/879 -

DATO: 16.03.2016

**NAUSTDAL-GJENGEDAL VERNEOMRÅDESTYRE - HØYRINGSFRÅSEGN TIL TRAUDALEN SMÅKRAFTVERK - SAKSNUMMER
201106274**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre viser til søknad om konsesjon til Traudalen kraftverk i Gloppe.

Utbygginga det er søkt om ligg utanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernombæringen. Ingen av dei omsøkte inngrepa ligg innanfor grensa til verneområdet, og verneområdestyret har soleis ikkje nokon formell rolle i denne saka. Det er likevel slik at eit tiltak utanfor eit verneområde kan påverke naturverdiar og verneverdiar innanfor verneområdet. Dette kan til dømes vere dersom inngrep utanfor verneområdet vert veldig synlege og skjemmande i terrenget, og soleis reduserer verdien av friluftsopplevingar i verneområdet.

Traudalen er eit viktig turområde i landskapsvernombæringen. Traudalsvegen, parkeringsplassen ved Ryggjastøylen, og vegar og stiar vidare innover i Traudalen og til fjella på begge sider er alle viktige og mykje brukte innfallsportar til verneområdet. Verneområdeforvaltninga har brukt mykje ressursar i dette området, mellom anna for å legge til rette for friluftsliv.

I søknaden er det lagt opp til inntak i Traudalselva rett ved sidan av parkeringsplassen ved Ryggjastøylen. Dette er eit område som allereie er prega av inngrep og infrastruktur. Vassvegen ned til kraftstasjonen er planlagt som nedgraven rørgate som i stor grad skal leggast i samband med eksisterande vegar. Det vil med andre ord ikkje verte nye inngrep i urøyvde område.

Utbygginga vil nytte ein mindre del av vassføringa. Elvestrekninga med noko redusert vassføring er ikkje særleg synleg verken frå landskapsvernombæringen eller frå innfallsportane til verneområdet.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre kan ikkje sjå at den utbygginga det her er søkt om vil få negative verknader for landskapsvernombæringen. Styret vil likevel på generelt grunnlag oppmøde om at alle andre inngrep og anlegg vert gjort so lite synlege i terrenget som muleg.

Beste helsing

Håkon Myrvang (sign.)
styreleiar

Alf Erik Røyrvik (sign.)
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur